

# Nasjonal deleksamen i rettsanvending for master i barnevern og master i barnevernsfagleg arbeid

**NYNORSK**

**Dato:** 06.12.2023

**Eksamenstid:** 9:00-13:00

**Hjelpemiddel:** Lovdata Pro

**Oppgi berre kandidatnummer, og ikkje andre identitetsmarkørar, slik som emnekode eller institusjonstilhørigheit, i svaret på oppgåva.**

## Eksamensoppgåve hausten 2023 - nynorsk

Pål Ås er 14 år, og elev i 9. klassetrinn på Lillevik skole. Han bur saman med to yngre søsken, faren Peder Ås og sambuaren hans. Annakvar helg er Pål og søskena hos mora, Line Li, som bur i nabobyen Storevik.

Barnevernstenesta i Lillevik kommune har nyleg mottatt ei bekymringsmelding frå Lillevik ungdomsskole om Pål. Av meldinga går det fram at Pål i løpet av det siste året har hatt store endringar i åtferda si, og at desse har vist seg gjennom kraftige og tilsynelatande umotiverte sinneutbrot mot lærarar og medelevar. I tillegg opplyser skolen om eit aukande, udokumentert skolefråvær, at han har forlate samtaletimar med klasselærer i frustrasjon, og at medelevar i aukande grad unngår å vere saman med han på grunn av uføreseieleg åtferd. Meldinga beskriv at Pål blir stadig meir isolert frå dei andre elevane. Medelevar har fortalt lærarar at Pål ikkje er saman med dei på fritida, men heller er saman med eldre ungdommar som har falle ut av vidaregåande skole. Skolen beskriv også at Pål sitt humør og si faglege meistring har gått i negativ retning. Han verkar nedfor og «fjern», og kan sovne i timane.

Barnevernstenesta har sett i verk undersøking på bakgrunn av meldinga, og har gjennomført samtalar med Peder og Line og deretter med Pål. Begge foreldra gir uttrykk for stor bekymring for Pål, fordi problema har forverra seg dei siste par månadane. Dei er redde for at han ikkje skal klare skolen, at han vil bli vennelaus, og at han skal begynne å ruse seg og bli involvert i lovbrøt. Peder beskriv Pål som ein oppvakt gut, som fram til det siste året har likt skolen og hatt vennar. Det siste året har Pål endra seg mykje; blitt meir inneslutta, lat og aggressiv. Line beskriv også Pål som meir aggressiv, men meiner at det heng mykje saman med pubertet og skoletrøttleik. Barnevernstenesta informerer om moglegheita for hjelp frå dei, men foreldra ønsker ikkje vidare involvering frå barnevernet.

Pål verkar i einesamtale med barnevernstenesta lite interessert i bekymringa rundt åtferdsendringane hans. Han gjentar fleire gongar i samtalen at «eg bryr meg ikkje», og seier at han ikkje ønsker at nokon skal blande seg inn i livet hans. Grunnen til sinneutbrota hans på skolen er dei dumme lærarane, som berre er opptatt av å hjelpe dei flinkaste i klassen. Dei eldre ungdommane er mykje betre å vere saman med enn dei barnslege gutane i klassen. På spørsmål om rusbruk innrømmer han at han tar nokre øl iblant, og at han har prøvd å røyke cannabis eit par gongar, men at han berre har fått vondt i hovudet og har kasta opp av det. Når det gjeld forholdet til foreldra, blir han taus og ser ned i bordet.

Den påfølgande helga mottar barnevernstenesta i Lillevik melding frå politiet i Storevik som har funne Pål svært rusa og medtatt på ein fest i ein privatbustad. På festen var fleire eldre ungdommar og nokre vaksne personar som er kjende av politiet frå før. Barnevernstenesta prøvar med ein gong å ringe begge foreldra, men får ikkje kontakt med nokon av dei. Pål gir beskjed til politiet at han ikkje vil tilbake til nokon av foreldra, for «det blir berre bråk og alt blir mi skuld uansett». Barnevernsleiaren gjer deretter akuttvedtak etter barnevernsloven § 4-4 og plasserer Pål i ein barnevernsinstitusjon i Storevik. Dagen etter ringer barnevernstenestas leiar til Line og informerer om at Pål er plassert i barnevernsinstitusjon etter barnevernsloven § 4-4. Line blir fortvila og sint, og påstår at akuttvedtaket er eit ulovleg tiltak.

Eit par dagar seinare ringer Peder til barnevernstenestas leiar og fortel at kontaktpersonen deira tidlegare var kollega med Peder sin bror Lars, som også er sosialarbeidar. Peder hugsar at Lars fleire gongar har snakka om den faglege konflikten han hadde med den tidlegare

kollegaen sin. Det enda med at Lars slutta i jobben for to år sidan. Når Peder nemner namnet på kontaktpersonen i barnevernstenesta til Lars, fortel Lars meir om denne arbeidskonflikten, og seier at denne kontaktpersonen «absolutt ikkje er til å stole på». Peder påstår derfor at kontaktpersonen er inhabil. Barnevernslaiaren påstår at det ikkje er tilfelle.

Etter ei veke konkluderer barnevernstenesta med at akuttplassinga skal avsluttast, og Pål drar heim til foreldra. Barnevernstenesta fastheld likevel at dei framleis er bekymra for Pål, og tilbyr oppfølging i form av samtalar med Pål og med foreldra. I møte hos barnevernstenesta dagen etter deltar Pål saman med foreldra. Etter diskusjon om situasjonen og bekymringane rundt Pål, fortel kontaktpersonen i barnevernstenesta at dei ønsker å sette i verk foreldrestøttande hjelpetiltak for å styrke kommunikasjonen og samspelet mellom foreldra og Pål. Formålet er å unngå at åtferdsproblema blir meir alvorlege. Begge foreldra er positivt innstilte til dette forslaget. Pål motset seg derimot eit slikt tiltak. Han påstår at «barnevernet ikkje har lov til det når eg sjølv ikkje er einig i det», noko barnevernslaiar tilbakeviser. Kontaktpersonen forklarar at barnevern- og helsenemnda har myndigheit til å fatte vedtak om dette.

*Drøft og avgjer dei rettslege spørsmåla som følger av påstandane som er reist i oppgåva.*